



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 01.04.2019

Sak nr.: 19/522-5
Internt l.nr.: 20946/19

Sak: 17/19

Tittel: **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 1. april 2019**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte
 - a. Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2018

Prosjektet er i rute – rapport vil bli leverte innan 15. mai 2019. Orienteringa vart teken til vitande.
 - b. Vurdering av FR - trygt og godt skulemiljø etter innspel frå OA om tilsvarande tilsyn frå fylkesmannen (sjå vedlegg) og e-post utveksling mellom Line Johansen og kontrollsjef, 190219 (vedlagt).

Fylkesdirektør for opplæring orienterte om status for tilsynet frå fylkesmannen. Tilsynet er ikkje ferdig. Førrebels rapport er mottatt, og tilsvar er sendt både frå fylkesrådmann og rektor. Uvisst når vi får endeleg tilsynsrapport frå fylkesmannen.

Kontrollutvalet tok orienteringa til vitande og gjorde følgjande vedtak:

Kontrollutvalet vedtek, på følgje av informasjon gitt i møtet, å avslutte forvaltningsrevisjonen Trygt og godt skulemiljø.
 - c. VIGO status v/kontrollsjefen

Kontrollsjefen orienterte om behandling av saka i Trøndelag fk. Vi avventer behandling til endeleg fylkestingsvedtak i Trøndelag fk. Orienteringa vart teken til vitande.
2. Sekretariatssamarbeid med SEKOM og Vest kontroll, status - E-post frå SEKOM datert 12. februar 2019

E-posten frå SEKOM vart teken til orientering.

3. Organisering av kontrollutvalssekretariatet for Vestland fk, vedtak i fellesnemnda frå 13. mars 2019

Vedtaket frå fellesnemnda vart teken til vitande.

4. Reiserekningskontroll politisk nivå . Saka er bestilt hjå SF revisjon IKS (Sjå vedlegg)

Bestillinga vart teken til orientering.

5. Medlemsnytt frå Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)
 - a. FKT fagkonferanse og årsmøte 4. - 5. juni 2019

Klaus og Lise-May deltek på denne konferansen. Klaus blir årsmøteutsending. Sekretariatet sørger for påmelding.

6. Orientering frå leiar og kontrollsjef

- a. Veileder påsjå-ansvaret som kontrollutvalet har overfor regneskapsrevisor

Kontrollsjef orienterte om status for arbeidet med veilederen. Oreinteringa vart teken til vitande.

- b. Kurs om ny kommunelov

KMD i lag med KS gjennomfører kurs om kommunelova rundt i landet. Kurset 3. april i Oslo vert streama, slik at dei som ynskjer, kan få med seg dette. . Orienteringa vart teken til vitande.

- c. Fellesmøte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 6. – 7. mai 2019

Kontrollutvalet vedtok å gjennomføre kontrollutvalsmøte over to dagar 6. – 7. mai der det vil bli fellesmøte med kontrollutvalet i Hordaland fk 6. mai og ordinært kontrollutvalsmøte 7. mai. Sekretariata for dei to kontrollutvala førebur samlinga med program og saksførebuing.